



Referat frå styremøte

Stad:	Skjenet
Dato:	17.09.2018
Tid:	13.00 -14.00
Desse møtte:	Kari-Anne Landro (møteleiar), Marianne Sandahl Bjorøy, Lillian Torsvik, Siri Falhvik Pettersen og Rune Lid. Informasjonsrådgjevar Vignleik Brekke og Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
Andre:	Sigmund Kvernes, Gode Sirklar, Atle Dāvøy, leiar i styringsgruppa for gründerparken og Tom Georg Indrevik, styreleiar i Gode Sirklar
Forfall:	Børge Haugetun

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
13/18	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Godkjent- ingen merknadar. Regionrådsmøtet var i utgangspunktet avlyst, men så dukka det opp sak om Grunderparken Vest som har betydning for budsjettarbeidet som kommunene held på med i desse dagar, så då vart det likevel kalla inn til eit møte, med kort frist.
14/18	Gründerparken Vest	Leiar i styringsgruppa for Gründerparken Vest, Atle Dāvøy, gav regionrådet ein orientering om status for Gründerparken. Kommunane har til no løyvd midlar over to år til Gründerparken Vest. Atle Dāvøy fortel at gründerparken stort sett har vore fylt opp med gründerne og at det har vore stabilt med framleie. Ein har brukt pengar på å ruste opp lokalene, noko som gav negativt resultat i 2017. Dei har redusert drifta for 2018 og har eit meir balansert budjett for dette året. Samarbeidsavtalen med Gode Sirklar, Sartor Senter og Vest næringsråd går ut 31.12.18 og ein må no avklare lokalitetane og organiseringa framover. Skal gründerparken være ein sjølvstendig eining? Inngå i Øygarden næring og utviklingselskap? I saksutgreinga til regionrådet går det fram at det er mogleg å vidareføra parken ved å mellom anna samarbeida med Nyskapingsparken BTO. Det er ønske om å flytta gründerparken frå noverande lokale på Sartor Storsenter til Straume Teknologisenter i Straume Næringspark. Det er foreslått ein ny driftsmodell der Vest Næringsråd er prosjektansvarleg for gründerparken, men at det vert lagt opp til eit klarare skilje mellom drift av Vest Næringsråd og Gründerparken Vest.

		<p>I protokoll frå styret i Gode Sirklar (som låg ved innkallinga til møtet) vert det rådd til at Gründerparken Vest vert vidareført og vidareutvikla med støtte frå kommunane Sund, Fjell og Øygarden med 1,5 millionar kroner. Det heiter vidare at samarbeidsavtalen for gründerparken vert revidert, der Gode Sirklar AS og Vest Næringsrådet sine oppgåve vert reviderte i samsvar med ein ny driftsmodell</p> <p><u>Konklusjon:</u> Regionrådet ser positivt på det å ha eit lokal grundermiljø, men ser at det må gjerast eit arbeid for å koma fram til ein permanent modell for ein lokal grunderpark.</p> <p>Det må snarast spelast inn eit detaljert budsjettforslag og underlag frå styringsgruppa i grunderparken vest for søknad om stønad frå kommunane til vidare drift av grunderparken, slik at dette kan koma til vurdering i dei budsjettprosessane som no pågår i dei tre kommunane. Frist: 1. oktober</p> <p>Ein føresetnad for stønad frå kommunane må vera at det i 1. halvår 2019 vert utarbeidd eit forslag til modell for framtidig finansiering. Dette blir innspel til fellesnemnda for nye Øygarden kommune.</p>
15/18	Ymse	Ingen saker